



Kurt Arne Natås
Postboks 293
5904 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/116 - 19/5426

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no

Dato:
20.02.2019

Godkjenning av seksjonering GBNR 185/290 Isdal

Administrativt vedtak. Saknr: 109/19

Saksutgreiing

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigedommen gbnr 185/290 i Lindås, med adressene Orresteinen 4A og 4B.

På eigedommen er det eksisterande einebustad med sokkelleilighet, med ferdigattest frå 2014. Bustaden består av 3 etasjer, der underetasjen utgjer seksjon 2 og dei 2 andre etasjane utgjer til saman seksjon 1. Eigedommen er i tillegg bebygd med garasje med ferdigattest frå 2017 og som skal vera tillegg til seksjon nr 1.

Alt areal på eigedommen utanfor bygningskroppar er registrert som fellesareal for dei 2 seksjonane i matrikkelen. Det er avtalt eksklusiv bruksrett for uteareal inntil 30 år i vedtektene til seksjonssameiet. Jmf Eierseksjonslova § 25.

Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for sameiet Orresteinen 4A- 4B i Lindås kommune.

Vurdering:

Søknad om seksjonering er innsendt på nytt etter utbedring av manglar i første søknad. Søknaden er i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsplan som tydeleg viser eigedomsgrenser og plassering av einebustad og garasje.
- Planteikningar av einebustaden m/ sokkelleilighet med 3 plan, der seksjonsnummera og type rom er påskrive.
- Vedtekter for sameiet Orresteinen 4A- 4B, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.



- Søknaden er sendt inn av Kurt Arne Natås, eigar av ½ av eigedommen.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Vedtak

Lindås kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for gbnr 185/290 (sameiet Orresteinen 4A- 4B i Lindås kommune), på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-2 er bustadseksjonar der seksjon nr 1 har sameigebrøken 650/1000 (2 øverste etasjer) og seksjon nr 2 har sameigebrøken 350/1000 (nederste etasje). Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med etasjeskilje. Seksjon 1 har tilleggsareal B som er oppført garasje på eigedommen.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigedommen. Utearealet på eigedommen er registrert som fellesareal i matrikkelen.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 185/290 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Lindås kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 2 seksjonar kr 7250,- + tinglysingsgebyr kr 525,-

Med helsing

Tommy Veland
avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
Avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kurt Arne Natås

Postboks 293

5904

ISDALSTØ

Solbjørg Vågen Natås

Postboks 293

5904

ISDALSTØ